

**Fra:** Matti Torgersen  
**Sendt:** 30.10.2014 13:19:04  
**Til:** Kjell Egil Sæbø  
**Kopi:**

**Emne:** Forslag til samband mellom Kvinnherad og Stord  
**Vedlegg:** image001.jpg

Hei,

Vi takkar for innspel i saka. Innspelet vil bli teke vidare med til konsulent som skal utarbeide mulegheitsstudie for fylkesvegar med tilknytning til ny E39. Vi gjer også merksam på at vi vil avholde folkemøte på Stord i vinter saman med Statens Vegvesen for å orientere og få innspel i arbeidet.

Venleg helsing

**Matti Torgersen**  
Sjefsplanleggjar  
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**



Tlf: 55 23 91 68 | Mob: 922 24 656  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Kjell Egil Sæbø [mailto:kjellegil.sebo@knett.no]  
**Sendt:** 24. oktober 2014 00:06  
**Til:** Matti Torgersen  
**Emne:** Forslag til samband mellom Kvinnherad og Stord

Hei!

Ser det nå skal utredes forskjellige forslag til samband mellom Kvinnherad og Stord. Eg har tidligare jobba med eit forslag for dette sambandet, der eg var heilt til Bergen på møte med vegsjefen og presenterte dette. Eg fekk aldri eit ordentlig svar på forslaget, berre at eg kunne komme med det når dette sambandet skulle utredes.

Utgangspunktet mitt for dette forslaget var å ertstatte Ranavik-Djupavik forslaget, og så fekk ein vidare vurdere om ein skulle gå for det eller Ranavik-Kvednaneset. Eg fekk mange positive tilbakemeldinger frå politikere frå Stord og frå fylkespolitikere, litt meir lunkent frå Kvinherad.

På Fjelbergøyane har me sidan 1960-talet håpa å få fast samband mellom øyane, og betre forbindelse til Halsnøy. Dette blei me lova skulle komma etter brua på Sunde var ferdig på 60- talet. Me fekk og på 80-talet beskjed om at om me bygde tilførselsveger på Borgundøy og Fjelbergøy, skulle brua komme. Men vegane er på plass for lenge sidan, brua mangler framleis. Folketalet var på vei ned, men nå dei siste åra har me ved god hjelp av LivOGLyst-midler fått fleire tilflyttarar frå Island. Eit betre samband ville nå vært med å sikre framtidig busetnad på Fjelbergøyane.

Forslaget går ut på å sjå Kvinnherad-Stord sambandet i lag med Fjelbergsambandet, og på den måten

realisere 2 samband i staden for berre 1, utan at kostnadene trenger å bli for høge. Dette er og nevnt i Kommunedelplanen for Fjelbergsambandet, men det er aldri blitt vurdert å løyse det slik eg har skissert det i mitt forslag. Håper forslaget, eller hvertfall ideen med å slå saman desse 2 sambanda faller i smak, og at det blir seriøst vurdert i den prosessen som nå skal føregå.

Forslaga ligger ved som pdf fil og som powerpoint presentasjon, for eventuelle spørsmål er det berre å ta kontakt.

Mvh

Kjell Egil Sæbø